



Kviteseid kommune
Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref: Vår ref: Saksh: Arkivkode: Dato:
«REF» 2007/1132- Halvor Fjone, 233 29.01.2010
42 35 06 81 27
halvor.fjone@kviteseid.kommune.no

Klima og energiplan for Kviteseid kommune 2010-2013, høyringsbrev

Planprosessen

Kommunestyret i Kviteseid vedtok 11.12.2008 (sak 62/08) oppstart av arbeidet med ein klima- og energiplan for Kviteseid kommune.

Krav til klima- og energiplanen var som følgjer:

- Energi- og klimaplanen bør ha status som ein kommunedelplan eller temaplan for energi og klima. Ein føreset at planen er ein integrert del av kommunens sentrale plan- og styringssystem.
- Energi- og klimaplanen skal vera ein heilskapleg plan. Planen skal omfatte mål og tiltak når de gjeld energibruk, energiforsyning og haldningsskapande arbeid i kommunen.
- Planen bør også omfatte tiltak knytt til redusert klimagassutslepp frå annan aktivitet i kommunen som kommunen kan påverke. Det kan vera direkte utslepp frå transport, avfallshandtering og landbruk og indirekte utslepp frå innkjøp.
- Det skal setjast minimumsmål på 10 % redusert energibruk i kommunal bygningsmasse og eventuelt også mål for klimagassutslepp frå heile kommunen.
- Energi- og klimamåla skal talfestast.
- Energi- og klimaplanen skal liste opp prioriterte tiltak for å nå målet.
- Måloppnåinga skal tidfestast.
- Planen skal ha ein tidshorisont på minimum 5 år.
- Måloppnåinga skal innrapporterast til Enova i minimum 5 år. Rapporteringa skal i størst mogleg grad baserast på kommunens eksisterande rapporteringsrutinar.
- Energi- og klimaplanen skal vera gjenstand for politisk behandling og godkjenning.

Med bakgrunn i kommunestyrevedtaket vart det sett ned ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe.

Styringsgruppa fekk denne samansetjinga:

1. Ordførar Torstein Tveito, leiar.
2. Politisk vald av kommunestyret: Magne Wraa.
3. Sektorleiar for service og utvikling Anne Aasmundtveit.

I arbeidsgruppa blei desse med:

1. Elsa Ann Hauglid, leiar.
2. Halvor Fjone.
3. Magne Skarprud.

Arbeidsgruppas mandat var som følgjer:

"Arbeidsgruppa er ansvarleg for utarbeiding av energi- og klimaplanen. Arbeidsgruppa skal rapportere til styringsgruppa på framdrift."

Sidan planen var fyrste utgåve og arbeidet omfattande, vart dei leigd inn konsulent med relevant fagleg bakgrunn, slik at kommunen kunne få ein plan med mål og tiltak på rett nivå.

Innleigd konsulent har vore Håkon Skatvedt frå NEE (Norsk Enøk og Energi AS).

Det er halde fire arbeidsmøte der styringsgruppe, arbeidsgruppe og konsulent har vore med. Gruppa valde å invitere aktørar utanfrå til to av møta. Her kan nemnast representantar frå turistnæringa i kommunen, Kviteseid og Morgedal Bondelag, avfallssekskapet Renovest v/ dagleg leiar, 8. klasse ved Kviteseid ungdomsskule som arbeider med eit prosjekt retta mot avfallssektoren.

Tarjei Gjelstad frå Morgedal drift og vedlikehald har halde foredrag om fjernvarmeanlegget ved Morgedal Hotell som er basert på flisfyring.

Kommunen si vurdering:

Klima- og energiplanen er først og fremst kommunens eigen plan, men kommunen kan ikkje åleine løyse alle oppgåver som er knytt til reduksjon av klimagassutslepp. Kviteseid kommune satsar derfor i stor grad på å dra andre aktørar med i prosessen. Dette må til for at ein skal nå dei ambisiøse måla det er lagt opp til. Det tyder at så vel kommunalt tilsette som folk rundt om i bygda, bedrifter, landbruket og næringsorganisasjonar må engasjerast i eit felles løft.

Kommunen har ulike roller. Klimaplanen skal legge føringar for tiltak i eige verksemd samtidig som ein legg føringar og prøvar å påverke innbyggjarane i kommunen. Dersom planen blir vedteken med målsetningar og tiltak kan dette ha innverkingar på kva som blir prioritert i neste budsjetttrunde.

Planen er retningsgivande for prioriteringar ved framtidige byggje- og utbyggingssaker, og planen skal fungere som støtte ved saksbehandling og vedtak i energiutbyggingssaker. Den tek for seg både offentlege og private bygg, næringsverksemd, transport og energiforsyning.

Dette er den fyrste klimaplanen som er utarbeida for Kviteseid kommune og skal rullerast 2013. Det er målsetningar og tiltaksdelen som skal rullerast.

Spørsmål i høyringa

Faktadelen er kontrollert og kvalitetssikra så godt det let seg gjere. Det er først og fremst **målsetningane** på dei ulike områda i planen og **tiltaka** som ein bed om synspunkt på i høyringa.

Det kan også omfatte framlegg til nye målsetningar eller tiltak.

Frist for å gje svar til Kviteseid kommune på høyringa er 6 veker eller til og med 15. mars.

Med helsing arbeidsgruppa

Elsa Ann Hauglid
Avd. ing.

Vedlegg:

- 1 Klimaplan 2010 - 2013
- 2 Adresseliste høyring